

2020 - 2024

1. Overordna struktur:

- 1.1 Dei alkoholpolitiske retningslinjer for Seljord Kommune vedtakast av kommunestyret. Kommunestyret skal innan utgangen av mai månad etter kommunestyrevalet ha ein samla gjennomgang av alkoholpolitikken og rullere retningslinene. Alkoholpolitiske retningslinjer for Seljord kommune inngår som ein del av den Rusmiddelpolitisk handlingsplanen.

2. Målsetting:

- 2.1 Seljord kommune sitt overordna mål med alkoholpolitiske retningslinjer er at sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal skje i ryddige og kontrollerte former i samsvar med Alkohollova sin målsetting.

3. Salsløyve:

- 3.1 Løyve for sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald (gruppe 1), vert gjeve til daglegvareforretningar.
- 3.2 Salsløyvet kan søkjast utvida til også å gjelde innførsel av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald (gruppe 1) for sal i eigen verksemd.
- 3.3 Verksemdar med løyve til tilverking av alkoholhaldig drikk, kan få løyve til sal av eigne varer gruppe 1 og 2 i godkjende lokalar. Slikt løyve gjeld ikkje skjenkestader med tilverkingsløyve for skjenking i eiga verksemd.
- 3.4 AS Vinmonopolet har løyve for sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent i eit utsal i Seljord kommune.

4. Skjenkeløyve:

- 4.1 Det kan ikkje skjenkast alkoholhaldig drikk
- ved idrettsarrangement.
 - ved barnearrangement, ungdomsarrangement og festivalar med ungdom som målgruppe og aldersgrense under 18 år.
- 4.2 Alminneleg skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk (gruppe 1, 2 og 3) kan gjevast til hotell/gjestgjevare, spiserestaurant, pub, diskotek/danserestaurant, gardsturisme, kulturhus og til arrangement på Dyrsku'plassen. Under Dyrsku'n berre på eit avgrensa område rundt Storstogo.
- 4.3 Alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent (gruppe 1 og 2) kan gjevast til vegkroer og til kafeteriaer som klart skil seg ut frå gatekjøkken/hurtigmatrestaurant. Skjenkeløyvet kan utvidast til også å gjelde alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir (gruppe 3) i slutta selskap.
- 4.4 Verksemdar med løyve til tilverking av alkoholhaldig drikk, kan få løyve til skjenking av eigne varer med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent (gruppe 1 og 2) i godkjende lokalar.
- 4.5 Ambulerande skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk kan gjevast for eit avgrensa tidsrom i slutta selskap.

- 4.6 Eit skjenkeløyve (ikkje ambulerande) kan utvidast til også å gjelde tilverking og/eller innførsel av alkoholhaldig drikk som ikkje er brennevin for skjenking i eigen verksemd. Vilkår for tilverking av alkoholhaldig drikk er at dette inngår som ein del av verksemdas totale tilbod og karakter. Tilverking kan berre skje i godkjend lokale. Kommunen skal underrettast kvar gong produksjon setjast i gang.
- 4.7 Eit skjenkeløyvet er knytt til bestemte lokalar og/eller uteareal med godkjend skjerming mot omgjevnadane.
- 4.8 Kommunen vil før tildeling av løyve vurdere plassering, innreiing, konsept, meny m.m.

5. Sals- og skjenketider:

- 5.1 Sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald (gr. 1) kan skje i tidsrommet:
- | | |
|-----------------------------------------------------------|------------------------|
| Måndag – fredag, inklusiv dagen før Kristi Himmelfartsdag | kl. 08.00 – kl. 20.00. |
| Laurdag/dagar før son og heilagdag | kl. 08.00 – kl. 18.00. |
- 5.2 Skjenking av alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald lågare enn 22 volumprosent (gr. 1 og 2) kan skje i tidsrommet:
- | | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------|
| I skjenkelokale og ved arrangement på Dyrskuplassen: | kl. 10.00 – kl. 02.00. |
| I skjenkelokale ved slutta selskap: | kl. 10.00 – kl. 03.00. |
| Overnattingsstader kan til overnattingsgjester skjenke utan omsyn til tidsavgrensinga. | |
| Ved uteskjenking kvardag, sundag og høgtidsdag: | kl. 10.00 – kl. 24.00. |
| Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: | kl. 10.00 – kl. 02.00. |
- 5.3 Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir (gr. 3) kan skje i tidsrommet:
- | | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------|
| I skjenkelokale: | kl. 13.00 – kl. 02.00. |
| I skjenkelokale ved slutta selskap: | kl. 13.00 – kl. 03.00. |
| Ved uteskjenking kvardag, sundag og høgtidsdag: | kl. 13.00 – kl. 24.00. |
| Ved uteskjenking fredag/laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: | kl. 13.00 – kl. 02.00. |
- 5.4 Maksimal opningstid for skjenkestaden er lik skjenketida med tillegg av ei avviklingstid på 30 minuttar. Elles gjeld alminnelige lover og føresegner for sal og skjenking.

6. Tildeling av løyve:

- 6.1 Formannskapet har fullmakt til avgjerd i alle sals- og skjenkeløyvesaker. Fullmakt til å gjeva ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyv/utviding av skjenkeløyve ved eit bestemt høve/einskilde arrangement blir delegera til rådmannen.
- 6.2 Løyve, når det ikkje er tale om ambulerande løyve, vert gjeve inn til vidare. Ved endringar i driftskonsept, innreiing av lokale, eigarskap m.v. må det søkjast om nytt løyve.

7. Vilkår:

- 7.1 For alle sals- og skjenkeløyver i Seljord kommune gjeld fylgjande vilkår:
- Løyvehavarane skal uoppfordra for kvart år sende inn oppgåve over omsetjing innan 15.februar året etter.
 - Løyvehavarane v/styrrar og stedfortredar plikter etter innkalling å møte med kommunen og andre aktørar for utveksling av erfaringar, gjennomgang av aktuelle sider ved lovverket, ordensmessige problem mv.

- Internkontrollrutinar skal føreligge skriftleg. Frå kommunen si side blir det lagt vekt på kartlegging av risikotilhøve, rutinar for opplæring av tilsette, rutinar for å hindre sal/skjenking til mindreårige og rutinar for vakthald.
- Pengespelautomatar skal ikkje finnast på stader med sals- eller skjenkeløyve.

7.2 Særskilde vilkår for løyvet kan fastsetjast for den einskilde sals- eller skjenkestaden

7.3 Manglande oppfyljing av vilkår fører til tildeling av prikkar.

8. Kontroll og reaksjonar ved brot på løyvevilkår.

- 8.1 Kontroll skal skje i samsvar med Alkohollova og forskrift til Alkohollova. Rådmannen avgjer korleis alkoholkontrollen skal utførast.
- 8.2 Ved brot på Alkohollova, føresegnene til lova, vilkår eller anna i strid med Alkohollova sit føremål, vil verksemda bli tildela ei bestemt mengd prikkar i høve til alvor og karakter på brotet, i samsvar med forskrift til Alkohollova kap. 10. 12 prikkar i løpet av 24 månadar vil medføre inndraging av løyvet for min. ei veke.
- 8.3 Ved prikktildeling får løyvehavaren ei skriftleg åtvaring/melding med pålegg om å rette opp tilhøva innan 2 veker. Er ikkje tilhøva retta opp innan neste kontroll, vert det ny prikktildeling.
- 8.4 Kontrollsaker som kan føre til tideling av prikkar og inndraging av løyve hansamast av formannskapet. Løyvehavar skal varslast på førehand. Reglar for sakshandsaming og klage fylgjer forvaltningslova når ikkje anna er bestemt i Alkohollova med forskrifter.
- 8.5 Kommunen har plikt til å gje naudsynt rettleiing til løyvehavar, styrar og stedfortredar, slik at omsetjing av alkohol skjer i samsvar regelverket og av omsyn til alkoholpolitiske og sosiale tilhøve.

9. Gebyr:

- 9.1 Årleg gebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk vert fastsett på grunnlag av siste års omsetjingsoppgåve frå løyvehavarane, jf. § 6.2 i "Forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk mv."
- 9.2 Gebyr skal dekke kontrolltiltak. Gebyr som ikkje vert nytta til kontrolltiltak går til andre førebyggjande tiltak.

10. Kunnskapsprøve

- 10.1 Kunnskapsprøve i Alkohollova kan tas ved å vende seg til sentralbordet i Seljord kommune tlf. 35065100 eller til post@seljord.kommune.no.



Til
Seljord kommune

Seljord 24.01.2021

Notat

Sal av alkoholhaldig drikk (gruppe 1) i butikkar med sjølvbetjening.

Hegna Camping DA fekk 1/11-2018, etter vedtak i formannskapet sak 75/18, løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 i nyoppretta sjølvbetjent butikk. (Verksemda hadde frå før av sesongløyve for sal av alkoholhaldig drikk gr. 1.)

Innehavarane hadde på førehand vore i dialog med administrasjonen om tekniske løysingar som kunne tilfredsstille krava i Alkohollova.

Dei tekniske løysingar, som blei førelagt, blei drøfta nøye og vurdert som tilfredsstillande.

Politiet hadde ikkje merknadar til søknaden.

Ved rullering av dei alkoholpolitiske retningsliner, kommunestyret 18.06.20 sak 66/20, blei det på bakgrunn av eit brev frå Helsedirektoratet til landets kommunar 28.11.19 føya til ei setning under punkt 3.1:

"Ved sjølvbetjening er tekniske løysingar som t.d. videoovervaking og fingeravtrykk ikkje tilstrekkeleg kontroll. Styrar, stedfortredar eller annan tilsett må fysisk være tilstade."

I brevet frå Helsedirektoratet vart det understreka at :

- det er forbudt å utlevere alkoholhaldig drikk opp til 4,7 volumprosent til personar under 18 år.
- det kan ikkje seljast alkoholhaldig drikk til personar som er openbart påverka av rusmiddel.
- sal av alkoholhaldig drikk må skje innafor den salstida som er fastsett av kommunen.

I Helsedirektoratets brev konkluderast det med at:

*"Forbudet mot salg og utlevering av alkoholholdig drikk til personer som er åpenbart påvirket kan etter direktoratets vurdering **ikke** ivaretas ved at det alene benyttes ubemannede, tekniske løsninger i betalingssituasjonen der gjennomføring av salget skjer. Forbudet innebærer med andre ord at bevillingshaver eller dennes ansatte må foreta en konkret vurdering av hvorvidt kunden det selges alkoholholdig drikk til er åpenbart påvirket av rusmidler."*

Etter kommunestyrets vedtak av dei alkoholpolitiske retningsliner 2020-2024, fekk løyvehavrane melding om at *"verksemdar som har godkjend salsløyve/skjenkeløyve treng ikkje å søkje på nytt. Løyvet som er gitt i føre periode gjeld også i ny periode."*

Kommunen bruker kvart år å ha kontakt med alle verksemdar med salsløyve eller skjenkeløyve som vår lokale variant av "Ansvarlig vertskap".

I 2020 blei det ikkje gjennomførte nokon verksemdsbesøk eller møte med løyvehavarane, dette på grunn av Coronapandemien. Vidare slutta rådmannen i stillinga si og koordinator for rusomsorg gjekk av med pensjon.

Rett før jol blei kommunen kontakta av innehavarane av Hegna Camping.

I samband med at dei ville kontrollere salstidene i romjola, hadde dei blitt merksame på den nye setninga i alkoholpolitiske retningslinjer under punkt 3.1.

Dei har bedt om ei avklaring, slik at dei ikkje gjer noko galt.

Eg har blitt bedt om å sjå nærare på saka.

Då vi i 2018 mottok søknaden om sal av alkoholhaldig drikk gr. 1 i sjølvbetjent butikk, undersøkte vi om kommunen kunne gje løyve til dette etter Alkohollova. Konklusjonen blei, etter at vi pr telefon hadde kontakta Fylkesmannen og Helsedirektoratet, at det var opp til kommunen sjølv å vurdere om kontrolltiltaka var tilstrekkelege til at søknaden kunne imøtekomast.

Etter at dei elektronoske løysingar blei lagt fram, fant vi å kunne tilrå søknaden innvilga.

Politiet hadde i sin uttale ingen merknadar til søknaden.

Frå kommunens side var det og spanande og viktig å være med på å tilrettelegge for, at ei lita grend etter fleire år igjen kunne få ein daglegvarebutikk.

Konseptet med sjølvbetjent butikk har vakt interesse rundt om i landet. Det er til nå oppretta i alt 8 sjølvbetjente daglegvarebutikker, alle med løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1.

Kva vi konkluderer med her, kan få innverknad ut over kommunens grensar.

Helsedirektoratet sendte tidleg på våren 2019 ut rundskriva: "Alkoholloven men kommentarer" og "Alkoholforskriften med kommentarer".

Dette er rundskriv som skal være ein hjelp for kommunane i deira handtering av Alkohollova.

Rundskriva skal til ein kvar tid være oppdatert med det som er gjeldande lov og regelverk.

Innholdet i Helsedirektoratets brev av 28.11.2019 er ikkje å finne i desse rundskriva.

Alkoholsal i sjølvbetjent daglegvarebutikk er ikkje omtalt. Det næraste ein kan kome er avsnittet i Alkohollova med kommentarer, avsnitt 3.1.3.5, om nettsal. Ein finn dog ikkje at sal i ein sjølvbetjent daglegvarebutikk kan sidestillast med nettsal.

Helsedirektoratets brev av 28.11.2019 synast og i større grad å omhandle daglegvarebutikker med sjølvbetjente kasser enn ein sjølvbetjent daglegvarebutikk med fullt av overvåkingsutstyr.

Eg har vore i kontakt med Statsforvaltninga for Vestfold og Telemark med spørsmål om kva som er gjeldande med omsyn til sal av alkoholhaldig drikk i sjølvbetjent butikk. Tilbakemeldinga er at problemstillinga rundt alkoholsal i sjølvbetjente butikkar har vore drøfta i Helsedirektoratet. Konklusjonen så langt er at det er opp til kommunane sjølv å vurdere om kontrollen med sal av alkoholhaldig drikk er tilfredsstillande.

Eg har vore på besøk og hatt møte med Gro Cathrine Aasgrav og Hans Olav Bakås på Hegna Camping 11/1 2021.

Der fekk eg ei grundig innføring i korleis overvakingssystemet fungerer. Alt frå å opne butikkdøra med bankkort og pinkode til videoovervaking av heile butikken, varsel til vaktpersonalet når skapet med alkoholhaldig drikk opnast, fingeravtrykk, samband mellom vaktpersonalet og butikk, loggføring m.v. Etter min vurdering er der så mange kontrollpunkt og mye overvåking, at ein synleg rusa person vil bli fanga opp, om han/ho gjorde eit forsøk på å handle alkoholhaldig drikk.

I samband med rullering av dei alkoholpolitiske retningsliner, våren 2020, blei det lagt til grunn at Helsedirektoratet hadde bestemt seg for, at det ikkje var tilstrekkeleg med tekniske løysingar ved sjølvbetjent sal av alkoholhaldig drikk. Det var eit krav at alkoholsal berre kunne skje via ein betjent kasse.

Når vi nå igjen er tilbake til, at det er opp til kommunen sjølv å vurdere om kontrollen med alkoholsalet i sjølvbetjent butikk er tilfredsstillande, bør vi gjere noko med tillegget under punkt 3.1 i dei alkoholpolitiske retningsliner for Seljord kommune 2020 – 2024.

Det er sjølv sagt opp til kommunen sjølv å bestemme, om ein ynskjer eller ikkje ynskjer alkoholsal i sjølvbetjente butikkar.

Eg rår til at setninga som blei tatt inn under punkt 3.1 ved rulleringen av dei alkoholpolitiske retningsliner 2020 – 2024 blir tatt ut igjen.

Med venleg helsing

Richard Vaaben Jensen